

Rapport frå Forsamlingsutvalet

Stord Indremisjon

Horneland Indremisjon

Sagvåg Indremisjon

Dato: 16.01.2016

Innhald

| | | |
|-----|--|----|
| 1 | Innleiing | 4 |
| 2 | Mandat og arbeidsplan for Forsamlingsutvalet | 5 |
| 3 | Analyser no-situasjon..... | 6 |
| 3.1 | No-situasjon frå andre forsamlingar | 6 |
| 3.2 | No-situasjon Leirvik Bedehus | 6 |
| 3.3 | No-situasjon Horneland Bedehus..... | 7 |
| 3.4 | No-situasjon Sagvåg Bedehus | 7 |
| 4 | Kva forsamling ønskjer me oss..... | 8 |
| 5 | Swot analyse av ulike scenario..... | 9 |
| 6 | Val av alternativ | 18 |
| 6.1 | Forslag til vedtak | 18 |
| 6.2 | Vegen vidare | 18 |
| 7 | Strategi for å få gjennomføra scenario | 18 |
| 7.1 | Anbefalingar for prosessen vidare | 18 |
| 7.2 | Forslag til framdriftsplan | 19 |

1 Innleiing

Jesus seier i misjonsbefalinga i Matt 28. 19 – 20: «Gå difor ut og gjer alle folkeslag til disiplar, i det de døyper dei til namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. og lærer dei å halda alt det eg har bode dykk, og sjå eg er med dykk alle dagar.» Forsamlingane skal utrustast til å vera lys og salt for Stord-samfunnet. Har me sagt ja til Jesus, har me sagt ja til å fylgja han og til å vera hans lekam på jorda. Saman skal me vinna nye for Jesus og gjera dei til hans etterfylgjarar.

Visjon

Me har i dag ein felles visjon: «Byggja varme inkluderande fellesskap, vinna nye menneske for Jesus og gjera dei til hans disiplar». Ved å samarbeida tettare enn tidlegare kan me setja felles mål og ha ein felles strategi for korleis me skal nå ut med evangeliet. Det treng ikkje tyda at ein skal leggja ned bedehus eller at me skal byggja nytt, men det kan innebera at me i større grad enn tidlegare samlar ressursane og i fellesskap fordeler arbeidsoppgåver. Me kan samarbeida om til dømes barnarbeid, ungdomsarbeid, innvandrarbeid, diakoni, fellesmøter, forkynning, trusopplæring, song og musikk, lovsongsteam, dåp og konfirmantarbeid.

Bruk av ressursar

Me har aktive forsamlingar på alle bedehusa våre i dag, med varierte tilbod i løpet av veka. Mange ressursar er i aksjon og der mange aktivitetar skal oppretthaldast, kan det fort bli mange oppgåver på den einskilde. Fleire forsamlingar manglar enkelte ressursar. Ved tettare samarbeid kan ein ha større ressurstilgang, slik at alle «lemmene» på Kristi kropp kan gå inn i den tenesta dei er tenkt for og slik også både avlasta og utfylla kvarandre.

Framtidige moglegheiter for forsamlingane

Det er viktig at arbeidet rundt på bedehusa våre er framtidsretta. Ei forsamling som ikkje utviklar seg jamleg må etter kvart ta eit kraftig skippertak eller risikera å måtte leggja ned arbeidet. Fleire har dei siste åra hatt draumar og fått visjonar om at ein må våga å tenkja nytt i forhold til korleis bedehusarbeidet vert drive. Spørsmål og tankar som «Kor mange nye er komne til i forsamlinga vår dette året?» og «Har eg invitert med meg nokon?» eller: «Kva møter kan eg invitera med meg nokon til?» har lege bak, samt eit sterkt ynskje om at fleire må bli frelst. Me opplever også at familiar som vender tilbake til Stord, og som har gått i større forsamlingar, ynskjer å driva bedehusarbeid på ein meir heilskapleg måte. Det kan handla om tilsetja leiarar, ungdomsarbeidarar, dåp, nattverd, konfirmantarbeid og moderne møteform med større variasjon når det til dømes gjeld song og musikk. Det er viktig at folk i alle aldersgrupper kan kjenna seg heime i forsamlinga og føla at dei kan setja sitt preg på den. Ei slik by-forsamling har også fokus på at heile forsamlinga samlast på søndagen til undervisning, fellesskap og aktivitetar. Bibelundervisninga kan ha ein raud tråd, som kan fremja åndeleg vekst og utvikling av forsamlinga. Ein ser også eit stort fokus på å byggja opp sosiale relasjonar, og ein har fleire tilbod som er særleg retta mot å ha med seg nye. Ein har også tilbod om smågrupper som ligg under hovudforsamlinga. Det er ein trend at slike forsamlingar vert etablerte på mindre stader. Signal frå både ImF, NLM og Normisjon er at dei ser slike forsamlingar som ei framtidsretta og resultatskapande organisering av "bedehusarbeidet".

Den Norske Kyrkja

Situasjonen i Den Norske Kyrkja har endra seg den siste tida, særleg etter at den nye ekteskapslova vart vedteken. Nokre vurderer om ein framleis skal vera medlem av kyrkja eller ikkje. Fleire ynskjer at bedehuset skal fungera som ei fullstendig forsamling medan mange andre framleis har eit tett forhold til både bedehus og kyrkje.

Kvifor?

Oppsummert kan me seia at dei viktigaste motivasjonsfaktorane for samarbeid/samanslåing er: Ynskje om å stå sterkare, meir samla og utrusta for å nå fleire for Kristus.

2 Mandat og arbeidsplan for Forsamlingsutvalet

Proessen med forsamlingsutvalet starta med at ei initiativgruppe frå dei ulike bedehusmiljøa på Stord og Fitjar utfordra styra til å samla ressursane til ei stor ny forsamling på Stord. Dette har utgangspunkt i visjonar og draumar enkelte har fått dei siste åra. Årsmøte 2016 ved Sagvåg Indremisjon, Stord Indremisjon og Horneland Indremisjon vedtok å vurdere dette nærare. Styra ved dei 3 bedehusa oppnemnte fylgjande personar frå kvart av bedehusa til representantar i Forsamlingsutvalet:

Sagvåg Bedehus

Kjetil Fylling (formann)
Dag Ove Fauskanger
Kjetil Harestad

Leirvik Bedehus

Reidar Brevik (formann)
Terje Bjørnevik
Svenn Liodden
Andreas Remen Evensen
Jakob Saghaug (ungdomsrep)

Horneland bedehus

Bernt Arild Gjøvåg (formann)
Torill Aarvik Myhre
Terje Vikestrand
Bjørn Marit Notland (Vara)

Konstituering

Forsamlingsutvalet valde Kjetil Harestad til skrivar og Terje Vikestrand til leiar.

Mandat

Følgjande mandat vart gjeve Forsamlingsutvalet frå dei tre styra:

Dei 3 indremisjonsforreningane har i dag ein felles visjon, bygga varme inkluderande fellesskap og vinna nye menneske for Jesus og gjera dei til hans disiplar. Forsamlingsutvalet skal utgreia ulike samarbeidsmodellar og anbefale ei framtidretta modell for å oppnå vår felles visjon. Utgreiing og anbefaling skal framleggast innan utløpet av 2016.

Scenario

I innleiande fase av arbeidet vart det definert fire scenario som utvalet skulle sjå nærare på:

0. Som i dag
1. Tettare samarbeid
2. Samanslåing og fleire lokasjonar
3. Samanslåing og samlokalisering

Arbeidsplan

Det vart og utarbeidd ein arbeidsplan for prosessen, og arbeidet har i stor grad vore organisert og utført i høve til denne. Du finn og at resten av denne rapporten er strukturert i fylgje arbeidsplanen:

1. Analyser no-situasjon (sjå kapittel 3)
2. Kva forsamling ynskjer me oss (sjå kapittel 4)
3. SWOT analyse av ulike scenario (sjå kapittel 5)
4. Val av alternativ (sjå kapittel 6)
5. Strategi for å få gjennomføre scenario (sjå kapittel 7)

Året med Forsamlingsutvalet

Forsamlingsutvalet har hatt 12 møter frå mars 2016 til januar 2017. Runar Landro og Marit Hårklau Ådnanes har delteke på 3 av møta. Begge har vore sentrale støttespelarar og kome med innspel og tilbakemeldingar. Informasjonsmøter er halde undervegs i prosessen på Horneland og Leirvik bedehus. Sagvåg bedehus har ikkje hatt informasjonsmøter utover generell informasjon på første møtet hausten 2016. Forsamlingsutvalet takkar alle som har delteke med synspunkt og meiningar. Vi håpar resultatet av prosessen på sikt kan fremja vekst og ny inspirasjon. Det er vår oppgåve å så, vatna og hausta inn. Det er Gud som gir liv og vekst!

3 Analyser no-situasjon

3.1 No-situasjon frå andre forsamlingar

For å skaffa oss litt erfaringsgrunnlag har me teke kontakt med eit par ulike relativt nydanna forsamlingar for å høyra om deira erfaringar.

Ålgård bedehusforsamling

Ålgård Bedehusforsamling starta med felles storsamlingar med mandat frå 3 organisasjonar (NLM, Normisjon og NMS), og desse hadde relativt stor oppslutnad. Etterkvart vaks det fram eit behov for å flytta samlingane til kl. 11 på søndagen. Dette førte til at NMS trakk seg frå samarbeidet. NLM og Normisjon gjekk vidare saman om å danne forsamlingar. Dei har i dag samlingar annakvar søndag kl. 11. Andre organisasjonar har òg arbeid på det same bedehuset, men bruker søndag kveld til møter. Dette fører til ei god utnytting av huset på søndagane, men det er mindre oppslutnad på kveldsmøta. Bedehusforsamlinga har meldt seg inn i Normisjon, og NLM har òg danna eiga forsamling, men folk går på kvarandre sine møter. Forsamlinga har hatt lite fokus på trussamfunn og er forplikta på Normisjon sitt regelverk. Barne- og ungdomsarbeid er innmeldt i både NLM og Normisjon, og forsamlinga driv godt ungdomsarbeid. Forsamlinga har dåp og nattverd og planar for konfirmantarbeid. Dei er med DNK i pastorråd og har gode relasjonar.

Straume Forum

Straume Forum er nysatsinga til Brattholmen Bedehus på Sotra. Etter at mange småbarnsfamiliar begynte å gå i forsamlinga vart bedehuset på Brattholmen for lite. Dei har difor satsa stort og bygd Straume Forum som vart opna september 2016 (<http://sambaandet.no/2016/09/25/forsamlingen-er-i-hus/>)

3.2 No-situasjon Leirvik Bedehus

Leirvik Bedehus vart innvigd for 33 år sidan . Det er eigd av Stiftelsen Leirvik Bedehus som består av ca 200 innmelde medlemmar frå forsamlinga på huset. Rådet, som består av dei største organisasjonane som har møteverksemd her, er eit organ som styret kan diskutera aktuelle saker med. Stord Indremisjon, NMS, NLM, Israelsmisjonen, Normisjon og Den Indre Sjømannsmisjonen er med. Ei av oppgåvene Rådet har hatt er å leggja møteplan og fordela møtedagar blant organisasjonane som driv arbeid på bedehuset. Dei tek òg opp andre ting som vedkjem huset og innstiller personar til styret.

Det at så mange organisasjonar har møte på huset gjer nok at dei som kjem tilflyttande og ynskjer gå på møte på Leirvik Bedehus, kan ha vanskar med å sjå strukturen her. Kvar organisasjon har sine møter og si møteform. Mange saknar ei samla forsamling der dei kjenner seg heime på alle møta og der gjerne møtetidspunktet er fast kvar søndag.

Pr i dag har Stord Indremisjon sine samlingar annakvar søndag kl. 16.00. Dei andre misjonane har stort sett sine møte søndagar kl. 19.30. Nokre av dei har og heile møteveker eller helgesamlingar. Stord Indremisjon har "einerett" til å driva barne- og ungdomsarbeid på Leirvik Bedehus. Dette var eitt av kriteriana som vart sette då Leirvik Bedehus vart bygd og eigarforma vart ei stifting.

Pr i dag har Stord Indremisjon dette arbeidet:

- FGK (tidlegare 19:30) for dei mellom 19 og 30 år. Samling ca. 1 gong i månaden. Oppmøte på ca. 10 på samlingane.
- IUF for 10. klasse og oppover. Samling kvar laurdag Oppmøte på ca. 30 personar.
- UKS for 8.-10. klasse. Samling kvar fredag. Oppmøte på ca. 40.
- Fredagsklubben for 5.-7. klasse. Samling kvar fredag. Oppmøte på ca. 30
- Junior Ving for 2.-4. klasse. Samling kvar torsdag. Oppmøte på ca. 20

- Barnekoret Levande Lys frå 4 år og oppover. Samling kvar måndag. Oppmøte på ca. 50 born på øvingane. Med foreldra som høyrer på er dei ca. 90.
- Søndagsskule ca. annakvar søndag under forsamlingsmøte. Oppmøte på ca. 30 born i tillegg til ein del foreldre.
- Pensjonistlaget har samling ein gong i månaden. Oppmøte på ca. 50.
- Bønemøte kvar torsdag føremiddag. Oppmøte på ca. 10 personar.
- Forsamlingsmøte ca. anna kvar søndag. Her samlast heile storfamilien. Oppmøte er på 100-150 personar til samlingane.

Forsamlingsmøta i den form dei har no, starta Stord Indremisjon opp med i januar 2015. Møta startar med fellessamling før borna går og har søndagsskule. I møtesalen er det andakt, lovsongs- og bønestund. Dette er samlingar som femner alle generasjonane på bedehuset, og er godt likt både av unge og eldre. Forsamlingsmøta vert avslutta med kaffi og noko å bita i for dei som ynskjer å stansa att. Slik møta er lagt opp no er det mellom 15 og 20 personar som er i sving for å organisera og gjennomføra møta, i tillegg stiller 6-7 personar med mat til kaffistunda. Det er lovsongsteam som har ansvar for song og musikk. Det er miljøteam som tar seg av det praktiske med tillaging, organisering på kjøkkenet og opprydding og vasking etterpå. Det er eige forbedarteam under lovsongs- og bønestunda. Søndagsskuleteam tek seg av opplegg for borna. Eit leiarteam har ansvar for møteoppsett og leiing av møta og eit teknikarteam har ansvar for lyd og bilete.

Det har periodevis vore vanskeleg å få personar til å vera med i Stord Indremisjon sitt styre. Mange kvir seg og trur det vert for krevjande.

Stord Indremisjon har per i dag god økonomi med ein kapital på ca. 3,5 mill.

3.3 No-situasjon Horneland Bedehus

Horneland Indremisjon og Bedehus har eit felles styre. Forsamlinga består av om lag 50 skrivne medlemar.

Horneland bedehus har eit aktivt forsamlingsarbeid med arbeid og samlingar for ulike aldersgrupper. Dei siste åra har me hatt stor suksess med Endeleg Fredag. Dette er eit tilbod for vaksne i alle aldrar med fokus på sosialt samvær. Søndagsmøta varierer med møter kl 11 og 1930. Søndagsskulen har vore svært aktiv i mange år og har i dag vel 40 innskrivne barn. Desse er fordelte på 3 ulike grupper ut frå alder. I tillegg er det fylgjande faste aktivitetar på huset eller i regi av bedehuset:

- Vi over 60, 3 gongar i semesteret.
- BDG (Bibel- og dramagruppe) for ungdom 7-10 klasse torsdagar
- UFJ (Ungdom for Jesus) Bibelgruppe for elevar på Vidaregåande.
- Ungdomsklubb (7.-10. klasse annakvar fredag)
- Bønemøte kvar onsdag.
- 2 basarar, tidleg vår og ein på hausten.
- 2 julefestar, ein for vaksne og ein i regi av søndagsskulen.
- Foreining 1 gong i månaden.
- Tirsdagsklubb (Føremiddagstreff for små barn med foreldre/vaksne)
- Fleire bibelgrupper for vaksne på sjølvstendig grunnlag
- IKF (Interkulturelt Kristent fellesskap) har samlingar annakvar tirsdag

3.4 No-situasjon Sagvåg Bedehus

Sagvåg indremisjon og bedehus har eit felles styre. Sagvåg bedehus driv arbeid på ein tradisjonell måte. Søndagar er det søndagsmøte der ulike talarar frå Indremisjonen eller andre organisasjonar deltek. Dei siste åra har det kome færre til søndagsmøta.

Faste aktivitetar på bedehuset er eldrelag, barnekor, barne- og ungdomsarbeid med tilbod for ulike aldersgrupper opp til 18 år. Søndagsskulearbeid vert drive i Nysæter kyrkje. Det vert og arrangert møteveker og møtehelger (nokre gongar har desse vore i samarbeid med Horneland bedehus). Dei 2 siste åra har det også blitt drive arbeid for innvandrarak på bedehuset i regi av IKF. Det er elles tradisjon med 17 maifest, julebasar og julefest på bedehuset. Sagvåg bedehus har faste bønemøter på torsdagar. Dei fleste som deltek der, er eldre som ber for arbeidet i bedehuset og for bygda. Inntekter til drift/vedlikehald av huset kjem frå basar og faste gjevarar

Sagvåg bedehus har eit nært forhold til Nysæter kyrkjelyd. Mange av bedehusfolket i Sagvåg var sentrale då kyrkja vart bygd for 25 år sidan. Det siste året har vore utfordrande for nokre med tanke på samarbeidet mellom kyrkja og bedehuset. Ein av grunnane til dette kan vera at soknepresten i Sagvåg opnar for å via homofile i Nysæter kyrkje.

Det har kome ynskje frå personar i forsamlinga at Sagvåg kan bli ein del av eit større fellesskap med dei andre bedehusa. Det er likevel viktig for Sagvåg indremisjon (styre og årsmøte) å oppretthalda barne- og ungdomsarbeidet på bedehuset samt det tradisjonelle bedehusarbeidet som bønemøte, eldrelag ol.

4 Kva forsamling ønskjer me oss

Då forsamlingsutvalet reflekterte over kva me ønskjer oss i vår forsamling, dukka det opp mange moment. Fyrst og fremst ønskjer me å tene Jesus og ære Han som frelsar. Me ønskjer oss ein plass der heile familien gler seg til å koma for å tena Gud og at storsamlinga på søndag er høgdepunktet i veka. Den er ei samling der me får inspirasjon, glede og kan ta i bruk nådegåvene, og ein plass der me vert utrusta til å tena Jesus i kvardagen. Det lokale barne- og ungdomsarbeidet vert teke vare på og bringer inn barn og ungdom frå familiar som ikkje deltek i kristne forsamlingar. Nyinnflytta og ungdom finn sin plass og føler seg velkomne. Livsnære grupper kan vere opne for folk som ikkje går i andre kristne forsamlingar, ein plass der ein opplever å bli sett og som er ein naturleg stad å søkja forbøn.

Ei forsamling der ressursane som driver fellessamlingane vil gi avlastning. 1100 kan vere et egna klokkeslett

Andre stikkord som kan tydeleggjere ønskje for ei forsamling:

- Ei forsamling som når nye for Jesus
- Inspirerande gudstenester
- Ei forsamling som bevarer våre barn og ungdom
- Utrustande leiarskap
- Godt og berande song- og musikkarbeid
- Varme relasjonar
- Utrustning av ungdom
- Store arrangement med låg terskel
- Engasjert trosliv
- Behovsorientert evangelisering
- Ei forsamling som tiltaler målgruppa 20-40 år
- Livsnære grupper
- Ærer dei eldre og verdset dei som åndelege foreldre
- Hensiktsmessige strukturar
- Ei oppgåvefordeling som gjer at folk vert sett og verdsett
- Nådegåvebasert teneste
- Ei forsamling der vi lengtar etter å møtes

5 Swot analyse av ulike scenario

INTRODUKSJON

SWOT-analyse av dei ulike alternativa

| | | |
|-------------------------------|------------------|----------------|
| ALTERNATIV 0: SOM I DAG | - 3 forsamlingar | - 3 lokasjonar |
| ALTERNATIV 1: SAMARBEID | - 3 forsamlingar | - 3 lokasjonar |
| ALTERNATIV 2: SAMANSLÅING | - 1 forsamling | - 3 lokasjonar |
| ALTERNATIV 3: SAMLOKALISERING | - 1 forsamling | - 1 lokasjon |

KVA ER EIN SWOT-ANALYSE?

Ein SWOT-analyse skal gje eit bilete av forventa sterke sider, svake sider, mogelegheit og utfordringar (**S**trengths, **W**eaknesses, **O**pportunities, **T**hreats) ved anten ein no-situasjon eller ein mogeleg framtidssituasjon.

I høve forsamlingsutvalet sitt arbeid er det valgt å sjå på fire alternative situasjonar. Det er gjort ein grundig SWOT-analyse av kvart alternativ, og her vert kvar analyse presentert noko forkorta.

SWOT-ANALYSEN SI OPPBYGGING

STERKE SIDER

Forventa sterke sider (Strengths) ved innføring av dette alternativet

Nokre av dei sterke sidene kan av ulike personar oppfattast som svake sider

MOGELEGHEITAR

Forventa mogelegheit (Opportunities) ved innføring av dette alternativet

Fleire av mogelegheitane kan av ulike personar oppfattast som utfordringar

SVAKE SIDER

Forventa svake sider (Weaknesses) ved innføring av dette alternativet

Fleire av dei svake sidene kan av ulike personar oppfattast som sterke sider

UTFORDRINGAR

Forventa utfordringar (Threats) ved innføring av dette alternativet

Fleire av utfordringane kan av ulike personar oppfattast som mogelegheit

ALTERNATIV 0: SOM I DAG - 3 forsamlingar 3 lokasjonar

INTRODUKSJON

Alternativ 0 er heilt likt dagens situasjon utan endringar i verken organisasjon, arbeidsmetode eller lokale arrangement. Kvar einskild indremisjonsforeining arbeidar vidare med sine visjonar og fokuserer sterkt på å nå fleire for Jesus.

SWOT-ANALYSE

STERKE SIDER

Sameint forsamling, god samhald, gode relasjonar mellom yngre og eldre, er for fleire «her er eg heime»

Lokal forankring i nærmiljøet – lett tilgjengeleg for yngre og eldre

Godt styre, mange medarbeidarar, arbeidet er relativt godt fordelt

Gode møteplanar, arrangement bestemt i god tid

Visjon for arbeidet, kvart semester har eit tema, bibelundervising, nattverd og dåp.

Ungdomane orienterer seg mot Leirvik bedehus

Rikt barnarbeid med erfarne leiarar

Tradisjonelle arrangement har god oppslutnad: T.d 17 mai, bedehusbasar og julefest.

Familemøter vert arrangerte av familegrupper – andre felles arrangement av styret.

Kollekt, fast gjevarteneste, julemesser og basarar som sikrar god økonomisk drift.

MOGELEGHEITER

Song og musikk kan utviklast

Jobba meir strategisk for å få med nye medarbeidarar og medlemmer

Ta i bruk heile lekamen – tenkja nådegåver – kart-leggja nådegåver – be om utrusting

Større grad av samhandling internt på huset og mot kyrkje og andre bedehus

Samarbeid om større arr. og tenester t.d innvandrararbeid, diakoni, bøneterester, song og musikk, barnekor

Organisera cellegruppearbeid – viktig for å kunna invitere nye inn i fellesskapet

Få inn ekstra ressursar i arbeidet

Forholdet til/samarbeid med Den norske kyrkja kan betrast.

SVAKE SIDER

Låg oppslutnad om kveldsmøte, flest eldre, 10 – 20 personar

Saknar musikalske krefter med lovsongsband, forsongarteam mm

Lita forsamling. Det kan til tider vera mykje arbeid som fell på enkelt- og styremedlemmar

Huset er lite egna for parallelle arrangement.

Cellegrupper/ bibelgrupper ikkje organisert frå bedehuset, difor avhengig av eksisterande grupper å invitere nye

Har ikkje mogelegheit til å ansetja administratorar

Ungdomane orienterer seg mot Leirvik bedehus

Har lite samarbeid med Nysæter Kyrkje etter «homofili-utspel» frå soknepresten.

UTFORDRINGAR

Manglande engasjement, travle kvardagar blant kristne

Mange har for mange oppgåver – kan verta utbrende

Lite samhandling, konkurrerande aktivitetar, shopping mellom forsamlingane og lite kontinuitet i undervising

Lita forsamling medfører at det kan vera vanskeleg å få med ungar fordi det ikkje er andre på same alder eller trinn

Manglande generasjonskifte, kan føra til at forsamlinga vert mindre.


Små ressursar gjev lite rom for fornying, kritisk med eksisterande storleik/ressursar for dagens arbeid

Forholdet til Den norske kyrkja.

Kan missa deler av forsamlinga til DNK dersom Indremisjonen legg ned arbeidet i Sagvåg.

ALTERNATIV 0: SOM I DAG - 3 forsamlingar 3 lokasjonar

ORGANISASJONSBILETE



MOMENT

Viktige moment:

Bør forankrast i alle dei tre indremisjonsforeiningane sine årsmøte.

Aktuelle spørsmål som bør utgreiast:

Korleis styrka det lokale arbeidet?

Vil det vera behov og ynskje om å tilsetja ressursar?

Korleis møta framtida sine behov blant kristne utanfor DNK?

Korleis styrkja undervisning og disippelgjering?

Korleis vinna nye menneske for Jesus?

ALTERNATIV 1: SAMARBEID - 3 forsamlingar 3 lokasjonar

INTRODUKSJON

Eit alternativ som beheld indremisjonsforeiningane slik dei er i dag, men med et sterkt fokus på tettare samarbeid mellom foreiningane. Samarbeidet må organiserast for å styrkja arbeidet og ha som mål å nå fleire for Jesus.

SWOT-ANALYSE

STERKE SIDER

Kan samarbeida om større samlingar ein plass der ein samlast frå dei andre plassane

Feles nemnd møtest og koordinerer møteplan og fellesaksjonar

Tettare dialog mellom foreiningane der ein kan dra nytte av kvarandre sine ressursar

Barnearbeid der barna er, men styrkja samarbeid og mogelegheit for felles undervisningsopplegg

Lokal tilhøyring

SVAKE SIDER

Fleire styre med auka arbeidspress i høve til samarbeid

Lengre beslutningsveg

3 hus å ta vare på

Nokre vert kanskje for få til å klara å få til eit skikkeleg arbeid

Vert framleis kvar for seg, og får ikkje fordel av ein større samanheng

Begrensa ressursar

MOGELEGHEIT

Ha felles tilsett

Felles arrangement for barnearbeid

UTFORDRINGAR


Møteaksjonar, om ein arrangerer dei på ulike hus, å få folk til å flytta på seg

Få tak i nok ressursar

Vanskeleg å få ein raud tråd i forkynninga

ALTERNATIV 1: SAMARBEID - 3 forsamlingar 3 lokasjonar

ORGANISASJONSBILETE



MOMENT

Viktige moment:

Bør forankrast i alle dei tre indremisjonsforeiningane sine årsmøte.

Aktuelle spørsmål som bør utgreiast:

- Korleis organisera felles arbeid vs lokalt arbeid?
- Korleis formalisera samarbeidet?
- Korleis organisere felles økonomi rundt tilsette?
- Kva oppgåver skal tilsette ha?
- Kor ofte skal vi ha fellesmøter, fellesarrangement?
- Korleis organsiera konfirmantarbeid?
- Korleis organiserer vi tema til forkynning?
- Korleis skal det arbeidast for å utvikla samarbeid framover?
- Korleis vinna nye menneske for Jesus?

ALTERNATIV 2: SAMANSLÅING - 1 forsamling 3 lokasjonar

INTRODUKSJON

Eit alternativ som slår saman dei tre eksisterande indremisjonsforeiningane til ei ny foreining. Ein beheld dei tre bedehusforsamlingane mykje som i dag men samlar dei organisatoriske ressursane i ei ny eining i staden for tre einingar. Elles vil mykje av arbeidet vera likt som under alternativ 1 der ein har sterkt fokus på å nå fleire for Jesus.

SWOT-ANALYSE

STERKE SIDER

Fleire krefter er samla om felles mål

Lokale bedehus kan halde ein profil lokalt og har lokasjonar for arbeid mot lokale grupper

Økonomisk større handlefridom

Ikkje så utsett for svingingar som i dei siste åra har medført nedlegging av bedehusarbeid

Forsamlingsstruktur rusta for framtida

Styret i den felles indremisjonsforeininga blir arbeidsgjevar for stab:

- Forsamlingsleiar
- Barne og ungdomsarbeidar
- Musikk- og lovsongsressursar

Ved å få eit større område kan den felles indremisjonsforeininga tilsetja personar

MOGELEGHEIT

Utvikla forsamling og verta meir synleg

Lokalitetar til å vera synlege i store delar av bygda, utadretta arbeid

Auka evne til å utvikla forsamlingsarbeid og styrkja dette med dåp, konfirmasjon og lignende

Auka kvalitet på fellessamlingar

Større evne til gjennomføra målsettingar

Utvikla friviljuge medarbeidarar

Ei uklar Stord Kyrkje kan bidra til at fleire kan søkja mot bedehusforsamlinga

Inntektene til Stord indremisjon kan aukast gjennom gjevarteneste

Kan setja inn ressursar for at alle skal få sin plass, «nådegåve-basert teneste»

SVAKE SIDER

Større avstand til fellessamlingar, (eldre akn merka dette mest)

Misser lokal identitet

Kan mista lokal identitet og engasjement

Kan bli utfordrande å drifa fleire bedehus (økonomisk og praktisk)

UTFORDRINGAR

Ressursar og inntekter til drift og vedlikehald ved mindre aktivitet på bedehusa

Lokalt eigarskap kan bli svekka

Personar med «eigarskap» til lokalbedehus kan mista sin plass

Kan skapa «gnisningar» mellom lokasjonane og valgte prioriteringar

Forventningar til fellessamlingar vert så høge at færre vågar å stå fram


Uvante møteformer

Dei andre misjonsorganisasjonane får mindre plass og mindre merksemd

Sprik i teologi

ALTERNATIV 2: SAMANSLÅING - 1 forsamling 3 lokasjonar

ORGANISASJONSBILETE



MOMENT

Viktige moment:

Må forankrast i alle dei tre indremisjonsforeiningane sine årsmøte.

Viktig å ta godt vare på alle i ein slik prosess.

Omsyn til at fleire personar i forsamlingane har sterke band til misjonsorganisasjonane (NLM, NMS, m.fl).

Aktuelle spørsmål som må utgreiast:

splitting mellom bedehusjengarane og dei med nært forhold til DNK?

Korleis handtera dugnad, pengeinnsamling, inntektsgrunnlag og fordeling av midlar?

Korleis sikra korrekt fordeling av ressursar og merksemd på dei ulike lokasjonane?

Korleis skaffa nok leiarar til lokalt arbeid?

Korleis engasjera friviljuge og leiarar når det er tilsatte "som skal fiksa det meste"?

Korleis driva barne- og ungdomsarbeid på andre lokasjonar i tillegg til hovudbedehuset?

Korleis handtera at personar vegrar seg å ta ansvar?

Korleis vinna nye menneske for Jesus?

Korleis handtera fare for

ALTERNATIV 3: SAMLOKALISERING - 1 forsamling 1 lokasjon

INTRODUKSJON

Dette er det mest omfattande alternativet der ein ser for seg å samla alle dei tre foreiningane i ei ny foreining og med eit nytt lokale sentralt plassert på Stord. Foreininga må ha eit nytt namn som både sameinar dei tre eksisterande foreiningane og som vil fungera godt utad i lokalsamfunnet. Dette er ein stor visjon som mange vil ha sterke kjensler knytta til. Det er difor særst viktig at alle er respektfulle i omtale av dette alternativet og tek omsyn til kvarandre sine tankar, idear, kjensler og meiningar. Med sterkt fokus på å elska kvarandre vil ein ha stor mogelegheit til å også nå fleire for Jesus.

SWOT-ANALYSE

STERKE SIDER

Auka engasjement blant medlemmene og betre oversikt over alle dei ulike aktivitetane

Nytt og moderne bygg krev mindre vedlikehald og kan vera betre tilpassa fleksibelt bruk

Aktuell forsamling etter dagens standard og ein meir synleg samfunnsaktør

Samla dei musikalske kreftene – ny giv i lovsang og tilbeding

Nye fasilitetar og aktivitetar kan senka terskelen for kven som vil vera ein del av forsamlinga

Tilsetjing av stab vil styrkja det friviljuge arbeidet og gje større rom for utfolding av medlemmane sine nådegåver

Større tomt gjev gode parkeringsmoglegheiter, barnevenlege uteområde og mogeleggjjer å møte endra behov

Meir oversiktleg menighetsstruktur, betre leiarstruktur/organisering, sterkare og meir robust forsamling

Lettare å oppretthalda eit aktuelt fokus – skapa en raud tråd

MOGEGEGHEIT

Tettare samarbeid med Samskipnaden - mogeleg med nye kontorlokale for IMS og butikklokale for Sunnbok og Bygg som er skreddarsydd til forsamlinga sitt behov for fleire tiår framover og tilrettelagt for auka vekst

Andre menighetar kan få tilgang til ein arena for deira større arrangement

Kan bli ei god og kjær "storstove" for Stordsamfunnet til blant anna kulturarrangement

Lettare å invitera nye inn i forsamlinga

Inntektsmoglegheitar i eige bygg

Auka positiv publisitet ved å satsa stort

Eit bygg vi eig sjølv – ikke leiger

Nye aktivitetar for vaksne og barn

Auka mogelegheit for påverknad på barn og unge via tidsriktige aktivitetar

SVAKE SIDER

Meir press/fallhøgd for avgjersler teke i styret

Risiko for å mista medlemmar i prosessen

Bedehusa har sentimental verdi

Lokalt arbeid kan falla bort ved sentralisering, grupper blir ståande uten tilbod

Auka avhengighet til gjevarteneste (pengar/kapital)

Styret får arbeidsgjeveransvar

Større menighet kan oversjå enkeltindivid

Auka kostnader

Auke i behovet for friviljuge til å administrera bygg, utleige og vedlikehald

Lengre veg til møte for einskilde

UTFORDRINGAR

Større press på styre og styreleiar

Manglande evne til å gje slepp på det gamle (tapskjensle)

Andre menighetar byggjer nytt

Økonomi må prioriterast mellom tilsette og bygg

Fare for å bruka energien på økonomi og bygg, framfor på kvarandre og Gud

Vanskeleg å fornya seg

Kollaps i barne-/ungdomsarbeid i samband med omstrukturering


Større forsamling kan leia til mindre Gudsfokus og ledelse av DHÅ og at ein ikkje vågar vera personleg

Krevjande med samkøyring av tre forsamlingar

Det blir eit anten/ eller forhold til DNK

ALTERNATIV 3: SAMLOKALISERING - 1 forsamling 1 lokasjon

ORGANISASJONSBILETE



MOMENT

Viktige moment:

- Må forankrast i alle dei tre indremisjonsforeiningane sine årsmøte.
- Viktig å ta godt vare på alle i ein slik krevjande prosess.
- Omsyn til at fleire personar i forsamlingane har sterke band til DNK.
- Omsyn til dei ulike misjonsorganisasjonane (NLM, NMS, Normisjon, m.fl).
- Omsyn til dei andre kyrkjelydane på Stord og særleg Den Norske Kyrkja

Aktuelle spørsmål som må utgreiast:

- splitting mellom bedehusgjengarane og dei med nært forhold til DNK?
- Korleis skaffa nok leiarar til lokalt arbeid?
- Korleis engasjera friviljuge og leiarar når det er tilsette "som skal fiksa det meste"?
- I kva grad skal ein driva lokalt barne- og ungdomsarbeid i bygdene?
- Korleis handtera at personar vegrar seg for å ta ansvar?
- Kva skal ein gjera i forhold til bedehusa i Sagvåg, på Leirvik og på Horneland?
- Korleis vinna nye menneske for Jesus?

Korleis handtera fare for

6 Val av alternativ

Forsamlingsutvalet har gjort ei grundig vurdering av dei fire alternative scenaria.

0. Som i dag
1. Tettare samarbeid
2. Samanslåing og fleire lokasjonar
3. Samanslåing og samlokalisering

Det er krevjande å laga ei dekkande oppsummering av vurderinga som er gjennomført, og sikkert heller ikkje hensiktsmessig. Det viktige med si slik vurdering er ikkje å få svar med 2 strekar under, men å få avdekka og laga et bilde over sterke sider, svake sider, mogelegheiter og utfordringar med ulike alternativ. Samansetjinga i forsamlingsutvalet har vore breidt, og det har vore mange konstruktive samtalar med ulike meininger. Det går likevel klart fram at alternativa med ei samanslåing til ei ny indremisjonsforeining har sine sterke sider knytt til å nytta ressursar, etablera lønna medarbeidar og eit styrka forsamlingsarbeid. Det er likevel vanskeleg å sjå korleis ein kan gjera dette utan å mista mykje på vegen av det godt etablerte arbeidet. Den vidare tilrådinga ber preg av dette, korleis me kan få til dei sterke sidene med ei forsamling utan å mista for mykje av det gode arbeidet.

Med utgangspunkt i no-situasjonen for dei tre foreiningane, analyser av dei ulike scenaria samt tilbakemeldingane som har kome gjennom prosessen, har forsamlingsutvalet konkludert med at det mest realistiske alternativet å satsa på er scenario 1, tettare samarbeid. Ved å få eit tettare samarbeid vil ein lettare nå felles visjon/felles mål. Forsamlingsutvalet ønskjer derfor å instille fylgjande forslag til vedtak for årsmøta for dei tre indremisjonsforeiningane.

6.1 Forslag til vedtak

Årsmøtet gjev styret mandat til å samarbeida med dei andre indremisjonsforeiningane om å gjennomføra scenario 1, tettare samarbeid, med utgangspunkt i forsamlingsutvalets anbefaling.

6.2 Vegen vidare

Om alle tre årsmøta vedtek det ovannemnde forslaget vil Forsamlingsutvalet på bakgrunn av sitt mandat koma med anbefalingar for prosessen vidare. Sjå fylgjande kapittel.

7 Strategi for å få gjennomføra scenario

7.1 Anbefalingar for prosessen vidare

Tettare samarbeid

Forsamlingsutvalet vil be dei tre indremisjonsforeiningane (Stord, Sagvåg og Horneland) starta ein prosess der målet er å få til eit tettare samarbeid. Målet er å oppretthalda arbeid på dei ulike bedehusa. Det har lenge vore eit ynskje å få til felles forsamlingsmøter for dei tre bedehusa. Forsamlingsutvalet ser Leirvik bedehus som best eigna til fellesmøte og fellesarrangement. Me tilrår derfor at fellesmøte og felles arrangement vert lokalisert til Leirvik bedehus. Bakgrunn er eit ynskje om å få eit sterkare fellesskap, ei betre utvikling av ressursane i dei tre indremisjonsforeiningane på Stord samt å leggja til rette for eit framtidsretta forsamlingsarbeid. Eventuelle endringar i eksisterande arbeid vert som i dag opp til dei lokale indremisjonsforeiningane.

Lokal styrke

Det er viktig å ta vare på styrken til dei lokale bedehusa og oppretthalda fordelane det er å ha bedehus i lokalmiljø med mykje folk. Eksisterande arbeid vil i større grad dreia seg om bønemøte, barne- og ungdomsarbeid, eldresamlingar og eventuelt nye tilbod. Det er viktig at barne- og ungdomsarbeidet vert styrka og oppretthalde i Sagvåg og på Horneland.

Vedtekter

Forsamlingsutvalet vil anbefala styra i dei tre foreiningane å gå gjennom dei ulike vedtektene og samordna dei slik at dei kan bli felles. Ein vil då stå friare til å drøfte vidare utvikling av forsamling og organisasjon og vil ha ei felles plattform som vil kunna styrka samarbeidet. Ein slik prosess vil krevja mykje ressursar, og det vil kunna vera naudsynt å styrka organisasjonen og få tilsett personar som kan arbeida for å fremja indremisjonsarbeidet i kommunen. Ved å tilsetja arbeidarar kan dei støtta opp arbeidet som dei frivillige gjer.

Samarbeidet mellom organisasjonane

Mange av indremisjonsforeiningane sine medlemmer er knytte til andre organisasjonar på Stord. Ynskje er å få til sterke forsamlingar der alle organisasjonane som er knytte til bedehuset deltek i arbeidet. Forsamlingsutvalet trur det er ein styrke med fokus på både ytremisjonsarbeid og indremisjonsarbeid.

Utfordringar for prosessen vidare er:

Korleis organisera felles arbeid i forhold til lokalt arbeid?

Korleis formalisera samarbeidet?

Korleis organisera felles økonomi rundt tilsette?

Kva oppgåver skal tilsette ha?

Kor ofte skal vi ha fellesmøter, fellesarrangement?

Korleis organisera konfirmantarbeid?

Korleis organiserer vi tema til forkynning?

Korleis skal samarbeidet utviklast framover?

7.2 Forslag til framdriftsplan

Februar 2017 – Vedtak i årsmøta

Indremisjonsforeingane vedtek innstillinga frå Forsamlingsutvalet på årsmøta.

Mars 2017 – Etablere interimsstyre

Forsamlingsutvalet anbefaler at det vert sett ned eit interimsstyre som skal ha som hovudoppgåve å leia dette arbeidet. Dette bør bestå av 2 representantar frå kvar foreining der minst ein av representantane er frå styret.

Oppgåver kan verta:

- Fellesansvar å tilsetja personar til å styrka indremisjonsarbeidet på Stord.
- Forsamlingsleiar
- Forslag om felles vedtekter er for Indremisjonslaga.
- Organisasjonsmodell, organisasjonskart
- Ungdomsarbeid
- Felles konfirmantarbeid saman med IMS
- Avklara status med dei andre organisasjonane
- Samarbeid om møteplanar og møteveker
- Forsamlingsbygging
 - Fellesmøter på Leirvik Bedehus mellom indremisjonsforeiningane
 - Storsamlingar på sundagar (føremiddag, ettermiddag eller kveld)

- Oppretta nemnder og utval som, økonomi, vedlikehald, drift, barne og ungdomsarbeid, forsamlingsarbeid
- Forslag om felles økonomi
 - Gjevarteneste
 - Innsamlingar
 - Skaffa inntekter
- Korleis koordinera dei ulike aktivitetane på bedehusa

Heile 2017

Interimsstyret og dei ulike nemndene arbeider med oppgåvene og orienterer styra og forsamlingane undervegs.

Januar 2018 – Orientering til årsmøta

Interimsstyret orienterer årsmøta om prosessen.

Er det grunnlag for å gå vidare eller å avslutta prosessen?

Erfaringar så langt.

Heile 2018

Interimsstyret arbeider vidare med fellesoppgåver og felles mål med eventuelle justeringar frå årsmøta. Dei ulike nemndene kjem med innstilling til interimsstyre.

Desember 2018 – Evaluering

Styra i dei tre indremisjonsforeiningane startar evaluering av samarbeidet og vurderer om det skal leggjast fram forslag om samanslåing til ei ny indremisjonsforsamling i årsmøta 2019. Forsamlingsutvalet tilrår at ei slik ny indremisjonsforsamling skal være tilknytt IMS.

Februar 2019 – Årsmøta

Årsmøta tek stilling til eventuelt framlagt innstilling frå styra og/eller interimsstyret.